



Årsmøte 2015

Omvikdalen IL

Omvikdalen Skule

Tirsdag 02. februar 2016, kl. 19.30

Agenda for årsmøte

1. Innkalling
2. Val av ordstyrar / referent / to til å signere referat
3. Årsmeldingar
4. Revidert rekneskap
5. Vedtekter / styringsdokument
6. Fastsetje kontingent
7. Innkomne saker
8. Val

3. Årsmeldingar

Ç Fylgjande har levert årsmelding for 2015:

- | | |
|--------------------------|--------------------------|
| Ç Styret | v/Atle Falk |
| Ç Skigruppa | v/Vemund Hjelmeland |
| Ç Sykkel/spinning gruppa | v/Mette Sandvik |
| Ç Turngruppa | v/Solveig H. Hansen |
| Ç Turgruppa | v/Svein Hjelmeland |
| Ç Idrettsmerkeutvalget | v/Stig Dagfinn Tveiten |
| Ç Økonomigruppa | v/Gjert Inge Søllesvik |
| | |
| Ç Tilbygget | v/Raymond B. Olsen |
| Ç «Ikkje dytt» gruppa | (ingen aktivitet i 2015) |

Ç Sjå eige vedlegg.

4. Revidert rekneskap

Rekneskap - Omvikdalen IL 2015

Beskrivelse	Felles	Skid	Sykkkel	Turn/gym	Tur	Idrettsmrk.	2015	2014
INNTEKTER								
3010 - Sponsoravtaler							0,00	0,00
3020 - Driftstønader	56 737,53						56 737,53	58 020,69
3030 - Startkontingent							0,00	2 680,00
3040 - Medlemskontingentar	37 800,00						37 800,00	34 375,00
3050 - Treningsavgift				3 900,00			3 900,00	2 275,00
3060 - Inntekter Spinning			30 200,00				30 200,00	47 822,00
3070 - Salg av merker							0,00	0,00
3080 - Salg ved egne stevner		2 730,00					2 730,00	20 000,00
3100 - Aktivitetsdag					2 690,00		2 690,00	1 950,00
3110 - Julematine	40 080,00						40 080,00	39 572,00
3180 - Gåver	5 000,00	30 000,00					35 000,00	130 000,00
SUM INNTEKTER	139 617,53	32 730,00	30 200,00	3 900,00	2 690,00	0,00	209 137,53	336 694,69

KOSTNADER								
4010 - Skismurning		2 901,15					2 901,15	765,00
4020 - Vask av gymsal			8 800,00				8 800,00	5 800,00
4030 - Husleige			48 000,00				48 000,00	48 000,00
4040 - Div. utstyr til gymsal							0,00	45,60
4050 - Div. utgifter - Sykkkel			12 626,40				12 626,40	23 736,00
4070 - Div. til barnetrimmen							0,00	0,00
4080 - Div. til julematine	8 258,65						8 258,65	11 813,25
4130 - Utg. egne stevner		166,20			1 229,15		1 395,35	1 310,00
4200 - Startkontingent		955,00					955,00	260,00
4210 - Kretskontingent	500,00	1 500,00	6 500,00			660,00	9 160,00	6 820,00
4220 - Kursavgift							0,00	5 500,00
4240 - Medaljer, premiar		12 230,00					12 230,00	0,00
5010 - Reiseutgifter							0,00	4 226,00
6000 - Administrasjonsutgifter	5 944,90						5 944,90	4 834,00
6010 - Kontormateriell							0,00	0,00
6020 - Annonseutgifter	3 432,00	477,00	625,00		1 706,00	445,00	6 685,00	6 096,00
6050 - Gåver	20 000,00						20 000,00	0,00
7050 - Kontingent og forsikring	3 324,00		831,00	5 640,00			9 795,00	11 309,00
7100 - Diverse kostnader		16 969,00			6 305,00		23 274,00	109 484,59
8010 - Renteinntekter	-13 058,00						-13 058,00	-17 853,00
8110 - Bankomkostninger	1 302,00						1 302,00	1 256,00
SUM KOSTNADER	29 703,55	35 198,35	77 382,40	5 640,00	9 240,15	1 105,00	158 269,45	223 402,44

RESULTAT (= overskudd)	109 913,98	-2 468,35	-47 182,40	-1 740,00	-6 550,15	-1 105,00	50 868,08	113 292,25
-------------------------------	-------------------	------------------	-------------------	------------------	------------------	------------------	------------------	-------------------

Beskrivelse	2015	2014	Endring
RESULTAT REKNESKAP			
Inntekter	209 137,53	336 694,69	-127 557,16
Kostnader	-158 269,45	-223 402,44	65 132,99
Resultat	50 868,08	113 292,25	-62 424,17

BALANSE OPPSTILLING

Eigendelar			
Kontanter	2 000,00	2 000,00	0,00
Bankinnskudd - Drift	25 779,71	50 308,63	-24 528,92
Bankinnskudd - Medlem	65,00	66,00	-1,00
Bankinnskudd - Tilbygg	0,00	0,00	0,00
Bankinnskudd - Plassering	813 695,36	738 297,36	75 398,00
Aksjar - Fjellhaugen Skisenter	89 600,00	89 600,00	0,00
Sum Eigendelar	931 140,07	880 271,99	50 868,08

Gjeld og Eigenkapital

Gjeld	0,00	0,00	0,00
Eigenkapital	931 140,07	880 271,99	50 868,08
Sum Gjeld og Eigenkapital	931 140,07	880 271,99	50 868,08

Kommentarer til rekneskapet:

Merknad 1: (3010 - Sponsoravtaler)
Sponsoravtalen med SR-Bank er pt ikke aktiv. Leiar er i dialog med banken.

Merknad 2: (3040 - Medlemskontingentar)
Laget hadde i 2015, 358 betalende medlemmer (386 i 2014).

Merknad 3: (3180 - Gåver - Felles)
Laget fekk kr. 5.000 ifm. NutenOpp-arrangementet (sjølv om arrangementet vart avlyst).

Merknad 4: (6050 - Gåver - Felles)
Laget bidrog med 15.000 til oppussing av uteområdet rundt ballbingen (ref. tildeling frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad i 2014).

Merknad 5: (3180 - Gåver - Ski)
Laget fekk tildelt stønad frå Sparebank 1-stiftinga Kvinnherad på kr. 30.000 til prosjektet "På Ski helle året" (kjøp av ruile ski). Kostnadane er ført mot konto 7100 - Diverse kostnader.

Merknad 6: (7100 - Diverse kostnader - Tur)

Rekneskapet er revidert og funnet i orden.

Dimmelsvik, 2. januar 2016

Øystein Svendsen
Øystein Svendsen (revisor)

Jonny Flatebø
Jonny Flatebø (kasserar)

Jens O. Eikeland
Jens O. Eikeland (revisor)



5. Vedtekter / Styringsdokument

Vedtekter

Opprinnelig

VEDTEKTER OMVIKDALEN IDRETTSLAG

Basert på lovnorm for idrettslag, vedteken av Idrettsstyret 28. november 2011

Lov for Omvikdalen idrettslag, skipa 8. februar 1976, med seinare endringar, seinast av 22. januar 2013, godkjend av årsmøte.

I. INNLEIAND E REGLAR

§ 1 Formål

(1) Idrettslaget sitt formål er å drive idrett organisert i Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF).

(2) Arbeidet skal pregast av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

§ 2 Organisasjon

(1) Idrettslaget er sjølvvegande og frittståande med berre personlege medlemmer.¹

(2) Idrettslaget er medlem av det/dei særforbund som laget sitt årsmøte bestemmer.²

(3) Idrettslaget er medlem av NIF gjennom Hordaland idrettskrets, høyrer heime i Kvinnherad kommune, og er medlem av Kvinnherad idrettsråd³.

(4) Idrettslaget skal følgje NIF og tilslutta organisasjonsledd sitt regelverk og vedtak. NIF-lova gjeld for idrettslaget uavhengig av kva som måtte stå i idrettslaget si eiga lov.

§ 3 Medlemer

(1) Alle som aksepterer idrettslaget og overordna organisasjonsledd sine lover og vedtak kan bli tatt opp som medlem. Ein søkjar kan ikkje bli medlem utan at økonomiske plikter til idrettslaget og andre organisasjonsledd i NIF er gjort opp.

(2) Medlemskap kan nektast ved særlege høve. Idrettslaget si avgjerd kan klagast til idrettskretsen. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke. Idrettskretsen si avgjerd kan klagast til Idrettsstyret innan 3 veker etter at rekommandert melding er motteken.

¹ Personlege medlemmer betyr at idrettslaget ikkje kan operere med andre typar medlemskap, som til dømes familiemedlemskap og firmamedlemskap. At idrettslaget har ei ordning for familiekontingent er å sjå på som ei rekkeføring, og har ikkje noko med sjølvsmedlemskapet å gjere. Medlemer skal difor registrerast enkeltvis.

Forslag til endring

Ç Styret foreslår inga endring i vedtekene for 2016 (ref. vedtekts endringane i 2013 i tråd med ny lovnorm frå Idrettstinget).



5. Vedtekter / Styringsdokument

Styringsprinsipp

Opprinnelig

2. Styringsprinsipp

Hovudstyre

Kasserar / leiar skal ha eit pengeskrin med kr. 2.000,- i vekslepengar. Der kan gruppene gå å låna / levera tilbake. Kasserar må alltid sjå at det er småpengar i skrinet.

Gruppeleiarar

Gruppeleiarar skal gå tjenestevei om det er noko spesielt som foregår i gruppene. Ta kontakt med hovudstyret.

Gruppeleiarane kan kjøpa inn utstyr for inntil kr. 2.000,-. Innkjøp utover denne grensa skal fyrst klarerast med hovudstyret.

Spinning har eit pengeskrin med kr. 500,- i til vekslepengebruk. Skal fylgja ny leiar for spinning heile tida.

Kompensasjonsreglar

Hovudstyre:

Leiar i hovudstyre får kr. 1.000,- i året til dekning av utgifter som kjøring, telefon og liknande.

Ski:

Trenarar i skigruppa får gratis parkering og løypeavgift i Fjellhaugen Skisenter.

Spinning:

Instruktørar på spinning får kjøpa treningsklær for kr. 1.000,- pr. aktivitetsår (haust + vår – fylgjer skuleåret). Har dei to timar i veka, kan dei kjøpa klær for kr. 2.000,- osv.

Gruppeleiarar og andre:

Dersom nokon har store utgifter (telefonutgifter etc.), kan desse refunderast ved at ein sender rekning til hovudstyre.

Forslag til endring

Ç Styret foreslår inga endring i styringsprinsippa for 2016.

5. Vedtekter / Styringsdokument

Reisegodtgjersle og Startkontingent

Opprinnelig

5. Reisegodtgjersle og Startkontingent

I kommunen

Reisegodtgjersle

Born betalar kr. 20,- ved transport til trening, løp og renn.

Gruppeleiarar/trenarar må orientera borna / pårørande om denne betalinga, som skal betalast til sjåføren.

Startkontingent

Barneskirenn: Må betala startkontingenten sjølve.

Merkerenn og klubbmeisterskap: Må betala startkontingenten sjølve.

Andre renn: Alle deltakarane under 17 år får dekka startkontingent. Når det gjeld deltakarar over 17 år vert kontingenten dekka dersom det er tidtaking.

Innanfor Hordaland Krets

Reisegodtgjersle

Kilometergodtgjersle: Kr. 2,- for personbil, kr. 2,50 for stor bil (meir enn 5 seter). Må prøva å samla seg i færast bilar. Alle aktive betaler kr. 50,- til sjåføren. Ferje og bompengar blir dekka av laget.

Overnatting: Dersom det er nødvendig med overnatting, kan deltakar søkja om å få dekka inntil kr. 300. Trenarar / leiarar få dekka inntil kr. 600. Antall trenarar / leiarar må avklarast med styret på førehand.

Reiserekning skal sendast gruppeleiar til gjennomsyn og godkjenning. Gruppeleiar sender vidare til kasserar som og må sjå gjennom og godkjenna for utbetaling.

Startkontigent

Startkontingent: Under 17 år eller student, blir dekka av laget.

Over 17 år, blir dekka av laget med inntil kr. 300,- dersom det er tidtaking.

Utanfor Hordaland Krets

Alt som skal dekkast av laget utanfor kretsen må takast opp med hovudstyret til godkjenning / avslag på førehand.

Forslag til endring

Ç Styret foreslår inga endring i satsane for 2016.

6. Fastsette kontingent

Medlemskontingent

Opprinnelig

3. Medlemskontingent

Medlemskontingenten følger kalenderåret. Kontingenten for aktuelt år sendes ut i Mars. Til nye medlemmer gjennom året sendes medlemskontingent ut fortløpande.

For å vera stemmeberettiga på Årsmøte må medlemskontingent for aktuelt år vera betalt seinast 1 månad før Årsmøte. Årsmøte avholdes vanligvis i Januar påfølgjande år.

Beskrivelse	Pris
0 - 12 år	Kr. 75,-
13 år og oppover	Kr. 125,-
Familiemedlemskap (2 vaksne og barn til og med 15 år)	Kr. 350,-

Forslag til endring

Ç Styret foreslår inga endring i satsane for 2016.

6. Fastsetje kontingent

Treningsavgift

Opprinnelig

4. Treningsavgift

Er ein medlem i fleire grupper der ein skal betala treningsavgift, betaler ein avgift for den dyraste.

Beskrivelse	Ski	Sykkel	Turn
Under 17 år	Kr. 250,-	Kr. 250,-	Kr. 100,-
Over 17 år	Kr. 350,-	Kr. 350,-	Kr. 150,-

Spinning

Spinning er ei eiga gruppe under sykkelgruppa og har egne satsar, der det blir betalt pr. gong.

Beskrivelse	Pris
For medlemmer	Kr. 60,- pr. gong
For ikkje-medlemmer	Kr. 80,- pr. gong
Klippekort (10 klipp)	Kr. 500,-
Klippekort (20 klipp)	Kr. 800,-

NB! Klippekort gjelder kun for medlemmer. Prisane gjeld frå og med 01. mars 2015.

Forslag til endring

- Ç Satsane vart endra på Årsmøte for 2014, men vart ikkje kommunisert godt nok ut til spinning medlemmane før hausten 2015.
- Ç Styret foreslår på bakgrunn av dette inga endring i satsane for 2016.

7. Innkomne saker

Ç Fylgjande saker var komme styret ihende innan fristen (to veker før årsmøtet) – 19. januar 2016.

Ç Oppsigelse av medlemskap i Norges Cyckel Forbund (NCF)

Ç Orienteringssaker til Årsmøte:

Ç Pt ingen saker mottatt.

8. Val

Ç Valnemda har ordet.